

Bondhus  
6. juni 2014

Spørsmål til Fylkesordføreren

***Vedr. Høyring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma.***

Kommunal og moderniseringsdepartementet har i skriv av 14. mai d.å utarbeidd eit framlegg til lovendring av kommuneloven som styrker den statlege kontrollen med økonomien til kommunane. Framlegget går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015-2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av Fylkesmannen.

Er fylkeskommunen ein høyringspart i dette?

Kva konsekvensar vil dette eventuelt få for kommunar sitt samarbeid med Hordaland fylkeskommune.

Benthe Bondhus  
SP